



STATENS VEGVESEN  
Postboks 8142 Dep  
33 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/169 - 17/8767

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
24.03.2017

## Dispensasjon for oppføring av bomstasjon - gbnr 185/278 Isdal

**Administrativt vedtak. Saknr: 115/17**

**Tiltakshavar:** Statens Vegvesen

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon i frå føresegn 1.1 i arealdel av kommuneplanen for oppføring av bomstasjon på fylkesveg 57 i Isdalstø.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Knarvik/Alversund er definert som vegareal.

### Nabovarsel

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling av nabuar. Tiltaket har vore allmenn kjent over lengre tid gjennom regionale mynde. Vidare finn ein at arbeidet for å etablere bomstasjonene i liten grad råka ved interesser for nabuar.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 16.01.2017.

### Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

### VURDERING:

#### Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempane, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale ramar, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Det er søkt om dispensasjon i frå plankrav i kommuneplanens arealdel. I vurderinga må ein sjå omsyna bak ei reguleringsplan opp mot tiltaket og i kva grad dette fråvike frå planens føremål.

Etablering av bomstasjoner har over lengre tid gjennomgått tverrfagleg vurderingar. De største utfordringane man kartleggjar gjennom ei planprosess har vore vurdert i forkant av vedtak om etablering av bompengering i Nordhordland. Det vert truleg lite hensiktsmessig å krevje ei ny vurdering kring de same moment gjennom ei planprosess, og slik sett vil kostnad av ei reguleringsprosess vere urimeleg.

Ei viktig moment ved utarbeiding av ei reguleringsplan er å ivareta nabointeresser, og dette veier alltid tungt. Samstundes er det påreknelig at ei like grundig prosess kun ville medføre ei mindre korrigerings av omsøkte plassering og ikkje tiltaket i seg sjølv. Administrasjonen vurderer det slik at etablering av bomstasjon i Isdalstø har vore ei offentlig debatt over lengre tid, og prosessen i seg sjølv har ivaretatt nabointeresser.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå krav til utarbeiding av reguleringsplan.

#### Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå føresegn 1.1 vedkomande krav til utarbeiding av reguleringsplan for oppføring av bomstasjon og bygningstekniske deler knytt til denne stasjonen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 f vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av bomstasjon og naudsynte bygningsdeler knytt til denne bomstasjonen på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 16.01.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

- *Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.*

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/169

#### Ansvar

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### Bortfall av løyve

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

#### Avfall

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

#### Ferdigstilling

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Kopi til:

Statens Vegvesen

Statens Vegvesen 6863  
Region Vest,  
Askedalen 4

LEIKANGER



**Mottakarar:**  
STATENS VEGVESEN

Postboks 8142 33  
Dep

OSLO